

Dam Ørje –

Søknad om avgrensa senking av vasstand i Rødenessjøen

Dette notat er ei særskilt kort samanstilling av "Detaljplan for Miljø og Landskap for Ombygging av Dam Ørje" og "Miljørisikovurdering for Dam Ørje." Østfold Energi minner om at detaljplanen, med bakgrunn i vassdragslovgjevningen, allereie er godkjent av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Miljørisikovurderinga er eit internt arbeidsdokument utarbeida med bakgrunn i Forureiningslova.

Bakgrunn for tiltaket

Revurdering av Dam Ørje utført i samsvar med Damsikkerhetsforskrifta og godkjent av NVE, konkludera med at dammen ikkje stettar fleire av gjeldande krav i same forskrift. Det derfor er behov for ei omfattande fornying for å stette krava til damsikkerheit. NVE har godkjent at arbeid vert utført i 2025. Behovet for senking av vasstand under LRV er avgrensa til tidsrommet frå 1. desember 2024 og fram til 1. november 2025.

Kva skal utførast

Ombygginga medfører at reguleringsdammen saman med høgre vederlag i sin heilheit må rivast. Reguleringsdammen vert erstatta av ein ny lukedam med ei ny segmentluke og eit nytt fast overløp på høgre side. Høyre vederlag vert erstatta av eit nytt og lenger vederlag.

For å kunne gjennomføre desse tiltaka er det naudsynt å senke vasstanden i tiltaksområdet under Lågaste Regulerede Vasstand (LRV) på kote 117,45 (NN2000) i Rødenessjøen.

Kor mykje skal vasstanden senkast

Vasstanden må innanfor tiltaksområdet senkast til nivået for eksisterande luketerskel om lag på kote 116,0 (NN2000) og seinare til nivået for ny luketerskel på kote 113,0 (NN2000). I tiltaksområdet vil vassdraget i begge tilfella i praksis verte turlagt av di eksisterande og ny Dam Ørje er lokalisert på det lågaste punktet innanfor tiltaksområdet.

Hydrologiske og miljømessige konsekvensar av senkinga

Rødenessjøen 15,920km² og omlag 18km lang. Tiltaksområdet som må senkast under LRV for å gjennomføre arbeida har eit areal på 0,008km² og ei lengd på om lag 0,2km.

Rødenessjøen i tiltaksområdet er grunn. Med vasstand på LRV er dei fleste områder ikkje djupare enn 1,75m, men det finnes nokre lokalitetar med litt djupare vatn. Ved senking under LRV vil tiltaket medføre eit omlag turlagt tiltaksområde, men det vil likevel vere nokre groper der det vert ståande vatn. Senking under LRV vil gjere tiltaksområdet utilgjengeleg for fisk, botndyr og andre ferskvasslevande organismar. Det er stor risiko for at store deler av botndyr-samfunnet i tiltaksområdet forsvinn under tørrlegginga.

Tilhøva under tørrlegginga forventast likevel ikkje å påverke bestandane av fisk og andre ferskvasslevande organismar ettersom det berre er ein liten del av Rødenessjøen som turrleggast. Etter at tiltaket er gjennomført er det forventast at tilhøva verte som før tiltaket.



Figur 3 Detaljutsnitt (blått) av Rødenessjøen, del som må senkast under LRV